

Litt historikk frå fangstplassane for havsvaler på Mørekyten.

Oddvar Olsen

Sunnmøre Ringmerkingsgruppe har i fleire år merka havsvaler langs kysten av Nordvestlandet, frå Veststeinen i Sogn og Fjordane til Storholmen i Møre og Romsdal. På 1980 og -90 talet vart det fanga med lokkelyd på mange stader. Dei to som utmerker seg som dei beste fangstplassane er Runde fyr (M&R) og Kråkenes fyr (S&F), begge med nattrrekordar på over hundre fanga individ. Frå 1996 og utover vart det oppdaga fleire hekkeplassar, først på Erkna(M&R), seinare på Klovningen(S&F), Veststeinen(S&F), Svinøya(M&R) og Storholmen(M&R).

Noko som raskt viste seg, var at i desse koloniane hadde uvanleg mange havsvaler ring frå før, og mange av dei som hadde ring var gamle fuglar.

Det kunne difor vere av interesse å sammenlikne merkedata frå fangstplassar i koloniane med nokre av dei andre fangstplassane. Berre dei med ei viss mengde fugl er med i statistikken. Fire fangstplassar og tre koloniar hadde nok fugl til å sammenliknast.

Under sammenlikningane og utrekningane, vart dei norske kontrollerte og dei engelske kontrollerte utrekna kvar for seg. Når ein sammenlikna alder på dei, var dei engelske, ikkje så overraskande, i gjennomsnitt 408 dagar eldre enn dei norske.

Kort om dei beste fangstplassane:

Kråkenes fyr (S&F. Vågsøy): Her har det vore fanga sidan 1991, men lite siste åra. Ein god fangstplass, jamt bra med fugl inne, men ved eit par høve, i netter som var kalde og med månelys, kunne ein oppleve tome fangstnett. Andre netter, med milde vindar og på grensa til regn, kunne det "hagle inn" så mange at lokkelyden måtte slåast av og fangstnetta reduserast. På dei to beste nettene vart det fanga 114 og 106 havsvaler. Fangstplassen ligg 12 km frå nærmaste kjende koloni, Klovningen.

Ervik (S&F. Selje): Denne staden ligg 16 km nord for Kråkenes. Her har det vore fanga sidan 1999, men lite siste åra. I gjennomsnitt lavare fangst her enn på Kråkenes på tross av at stadene er like landskapsmessig, og begge er nes som ligg ytst på kyststripa.. På dei to beste nettene vart det fanga 62 og 48 havsvaler.

Runde fyr (M&R. Herøy): Dette er den staden det har vore fanga flest fugl av alle fangstplassane. Her starta fangsten i 1982, men siste åra har det ikkje blitt fanga her. Ein god fangstplass, jamt bra med fugl inne. På dei to beste nettene vart det fanga 127 og 80 svaler. Fangstplassen ligg 18 km frå nærmaste kjende koloni, Svinøya.

Flø (M&R. Ulstein): Denne staden ligg litt innafor kyststripa, likevel har det vorte fanga bra med fugl her. Fangsten starta i 1988 og dei to beste nettene var på 38 og 39 fanga fugl. Fangstplassen ligg 15 km frå nærmaste kjende koloni, Erkna.

Kort om hekkeplassane:

Veststeinen(S&F. Bremanger): Besøkt første gong i 1997 for å leite etter hekkande havsvaler. Hekking vart konstatert, men i lite tal. Det vart eitt besøk til i 2000. Totalt vart berre 24 merka og 11 kontrollerte.

Klovningen(S&F. Vågsøy): Besøkt første gong i 1997 for å leite etter hekkande svaler. Hekking av havsvale vart konstatert, også her i lite tal. I tillegg vart stormsvale høyrte spelande. Det vart eitt besøk til i 1999. Totalt vart berre 31 merka og 3 kontrollerte.

Svinøya(M&R. Sande): Besøkt første gong i 1998, hekking vart konstatert. Seinare har det blitt fanga her ei rekke gongar. Kolonien har auka i perioden fram til 2010 og er den klart største vi kjenner til her på kysten. 173 vaksne har fått ring og 129 er blitt kontrollert. 19 havsvaleungar er blitt ringmerkte.

Erkna(M&R. Giske): Besøkt første gong for havsvalefangst i 1982. Hekking vart konstatert i 1996 både av havsvale og stormsvale. Sidan 1996 har det nesten årlig vore fanga havsvaler her. Dette er den nest største kolonien, og det ser ut for at hekkebestanden er stabil. 280 vaksne har fått ring og 141 er blitt kontrollert. 51 havsvaleungar og ein stormsvaleunge er blitt ringmerkte. Av havsvaleungane er 8 blitt kontrollerte på Erkna ved hekkeplassen som dei vart klekte på. 3 av dei vart kontrollert berre 2 år gamle.

Storholmen(M&R. Giske): Besøkt første gong for havsvalefangst i 2003. Hekking vart konstatert, men i lite tal. Berre fire gongar har det vore fanga med nett. Kun 25 svaler er kontrollerte, men Storholmen er likevel tatt med i tabellen. 48 vaksne har fått ring og 25 har blitt kontrollert. Ein havsvaleunge er blitt merka.

Totalt er 71 havsvaleungar ringmerkte på dei tre sistnemnde hekkelokalitetane. I tillegg har ein stormsvaleunge fått ring.

Teoriar omkring vandringsmønster.

Det ser ut som at hovudstraumen av havsvaler går nær kysten og delvis over land (muligens for å leite etter hekkeplass/koloniar). Både på Kråkenes og Runde har det vore sett svaler i lufta uten lokkelyd, og havsvaler har gått i netta uten at lyd var sett på. På begge stader er det blitt lytta i terrenget på nattetid etter surrande svaler uten resultat så langt. Under gode lytteforhold kan surrande havsvaler høyrast på over 50 meters hald. Men når svalene er langt inne i sprekker eller jordgangar må ein ofte innpå 10 meter for å høyre dei.

Mellom Riste i Sande kommune og Ulla fyr i Haram kommune (ei kyststrekning på 65 km) har det vore fanga med lokkelyd på 15 forskjellige stadar. Men det ser ikkje ut som om ein kan lese noko ut frå fangststatistikk kor langt unna ein fangar frå ein koloni. Synes på Vigra i Giske kommune er den fangstplassen som ligg nærmast ein koloni. (4 km frå Erkna) På tross av dette vart det fanga relativt få fuglar her pr. natt, og kontrollprosenten (fuglar med ring) var lav. Sannsynligvis er effektiviteten av fangstplassen større om den ligg i den naturlige trekkruta for svalene. Avstanden til nærmaste koloni ser ut til å spele mindre rolle.

Det ser ut for at det er først når ein fangar inne i, eller nær sjølve kolonien, at statistikken slår tydeleg ut, og ein får fleire kontrollar og større andel eldre fugl som blir kontrollert. Dette tyder nok på at dei svalene ein fangar på tradisjonelt vis med lokkelyd ved kysten, i all hovudsak er yngre og ikkjehekkande fuglar, og at dei hekkande i mindre grad let seg

lokke med lyd.

Hekkar havsvala på Runde?

Dette har det vore spekulert ein del på. Nokre har også vore og lytta etter surrande svaler, utan å få napp.

Samanliknar ein merkestatistikk / gjennomsnittsalder med andre stader der ein veit svalene hekkar, er konklusjonen klar; havsvala hekker ikkje på Runde, i alle fall ikkje nær fangstplassen ved fyret. Det kan likevel vere mogeleg at nokre svaler kan hekke i delvis utilgjengeleg terreng, her vil dei ikkje vere lette å oppdage. På Svinøya likar svalene godt å hekke i lundeholer. Det skulle såleis ikkje mangle på gode hekkeplassar nede langs kantane fleire stader på Runde, der det er tett mellom lundehola.

Samanlikning av gjennomsnittsalder :

1984-2009	Kråkenes	Runde	Flø	Ervik	Erkna	Svinøya	Storholmen
Sum dagar/alder	66160	141741	12458	22079	61605	157346	23989
Totalt tal kontr	227	436	84	68	95	113	21
Gj. snittsalder	291	325	148	325	648	1392	1142

Fig.1. I øvste rad er alder på kontrollerte havsvaler lagt saman (frå dato ringmerkt til dato kontrollert.)
I tredje rad er antal kontrollert delt med sum dagar/alder.

Som det går fram av tabellen, er det Svinøya som toppar med høgaste gjennomsnittsalder. Dette er med på å styrke teorien om at hovedstraumen av svalene (ungfuglar, ikkjehekkarar og fuglar på veg til hekkeplassar lenger nord) går nærmare kysten. Erkna som ligg nærmast kysten, får lavare gjennomsnittsalder enn Storholmen som ligg lenger ute i havet.

På Erkna var der også 10 % lavare andel kontrollar enn på Svinøya.
På begge stader har det vore fanga i koloni med same metode.

Flø ligg lengst inne av alle, og har samtidig den klart lavaste gjennomsnittsalderen.

Når ein sammenliknar antal kontrollerte mot antal merkte i koloni og utanfor koloni, ser ein klar forskjell. Totalt for alle koloniar var der 40 % av havsvalene som hadde ring frå før. Totalt for fangstplassane utanfor koloni, hadde berre 18 % ring frå før.

Merkestatistikk frå Kråkenes:

Det vil vere fleire forhold som spelar inn på kontrollprosenten (fuglar som blir fanga med ring). Den viktigaste vil vere om det er stor merkeaktivitet på andre fangstplassar, nær der ein fangar. Dette viser klart på tabellen under.

På Kråkenes var kontrollprosenten første fangståret lavare enn seinare år, då merkeaktiviteten auka langs heile Vestlandskysten. Etter 1995 blei fangsten redusert langs kysten, og antal kontrollar på Kråkenes gjekk ned.

1991: 13 % (7 av 53 kontrollert med ring)
1992: 18 % (76 av 428 kontrollert med ring)
1993: 27 % (227 av 837 kontrollert med ring)
1994: 31 % (30 av 97 kontrollert med ring)

1995: 27 % (61 av 223 kontrollert med ring)
1996: 21 % (13 av 63 kontrollert med ring)
1997: 18 % (2 av 11 kontrollert med ring)
1999: 20 % (10 av 50 kontrollert med ring)

Fig.2. Andel kontrollerte i forhold til ringmerkte havsvaler på Kråkenes.